



Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

Møtedato: 03.10.2016

Møtestad:

Møtetid: 09:00 - 09:45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Utvalseiar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Ove Sæbø	Kultur- og utviklingsjef	Administrasjon	
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
013/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/2016	Godkjenning av møtebok
015/2016	Orienteringssaker
016/2016	Søknad om lån og tilskot til kjøp av ny traktor med utstyr
017/2016	Næringsfondvedtekter, notat framdriftsplan revisjon.

Notat frå møtet:

013/2016: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

014/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

015/2016: Orienteringssaker

Behandling:
Rådmannen orienterte kort om følgjande saker som er administrativt handsama i samsvar med delingsreglement:

Sak 016/2016 Søknad om tilskot til pilotprosjekt for utvikling og bygging av eit piko-vannturbinanlegg på Nottveit - Vedtak tilskot inntil kr 45.000
Sak 021/2016 Søknad om tilskot til utvikling av applikasjonen Justifyit - Vedtak avslag

Vedtak:
Sakene vert tekne til orientering

Delegerte vedtak vert seinare å referere ved innkallinga til NF-styret.

016/2016: Søknad om lån og tilskot til kjøp av ny traktor med utstyr

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om saka

Samrøystes

Vedtak:

Terje Øvre Helland gnr 81/4 får eit tilskot på 20% av kostnaden avgrensa til kr 104 760,- og lån på 13,3% av kostnaden avgrensa til kr 69 665,- til kjøp av traktor

Utbetaling av lån over 50.000,- skal sikrast med pant eller garantiar.
Lånerenta er den til ein kvar tid gjeldande rente i Næringsfondet.
Lånet skal attendebetalst med like store halvårlege avdrag i 5 år.

Vilkår for utbetaling:

Lån og tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.

Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon/rekneskapet skal vere attestert av rekneskapsfører.

Lån og tilskot krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Tilsegna står ved lag i eitt år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkje forlenging innan fristen for gjennomføring.

Dekning: Næringsfondet

017/2016: Næringsfondvedtekter, notat framdriftsplan revisjon.

Behandling:

Ove Sæbø orienterte om skisse til prosess for revidering av fondsvedtekter.

Under drøftinga kom det fram følgjande, som vert å innarbeide i det vidare arbeidet:

Organisering :

Heile næringsfondsstyret (formannskapet) deltek i styrings-/arbeidsgruppa saman representantar frå administrasjonen.

Det vert oppnemnde ei referansegruppe med representantar frå lokalt næringsliv (landbruk, IKT, kraft, reiseliv, sand-drift o.a.) og ungdomsrådet. Referansegruppa vert kalla inn til møter under prosessen.

Strategiske vegval for framtidig næringsutvikling (Ein strategisk næringsplan) vert å drøfte og revidere som del av arbeidet.

Saka vert framlagt til godkjenning av mandat i kommunestyret den 10. november

Administrasjonen kallar inn til møte i styringsgruppa den 17. november

Administrasjonen sender ut informasjon til næringslivet om oppstart av arbeidet snarast råd

Vedtak:

Formannskapet vedtek rådmannen sitt framlegg til framdrift og prosess når det gjeld revisjon av næringsfondvedtektene med slik tillegg:

Organisering :

Heile næringsfondsstyret (formannskapet) deltek i styrings-/arbeidsgruppa saman representantar frå administrasjonen.

Det vert oppnemnde ei referansegruppe med representantar frå lokalt næringsliv (landbruk, IKT, kraft, reiseliv, sand-drift o.a.) og ungdomsrådet. Referansegruppa vert kalla inn til møter under prosessen.

Strategiske vegval for framtidig næringsutvikling (Ein strategisk næringsplan) vert å drøfte og revidere som del av arbeidet.

Saka vert framlagt til godkjenning av mandat i kommunestyret den 10. november

Administrasjonen kallar inn til møte i styringsgruppa den 17. november

Administrasjonen sender ut informasjon til næringslivet om oppstart av arbeidet snarast råd
